

## UNIVERSITETET I BERGEN

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

---

Arkivkode:

---

Orienteringssak: **C**

---

Saksnr.: 2019/1830

---

Møte: 9. desember 2020

---

### Studieplanendring studieåret 2021/22

---

#### Relevante bakgrunnsdokument:

- Universitetsstyresak om studieportefølje:  
[http://ekstern.filer.uib.no/ledelse/universitetsstyret/2020/2020-11-26/S\\_131-20Studieportef%C3%B8lje2021.pdf](http://ekstern.filer.uib.no/ledelse/universitetsstyret/2020/2020-11-26/S_131-20Studieportef%C3%B8lje2021.pdf)
- Lenke til SV-fakultetet sin sak om oppretting av integrert masterprogram i informasjonsteknologi og økonomi (ITØK):  
[https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/64-20\\_integrert\\_masterprogram\\_i\\_informasjonsteknologi\\_og\\_ekonomi.pdf](https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/64-20_integrert_masterprogram_i_informasjonsteknologi_og_ekonomi.pdf)
- Sak om masterprogram i bærekraft:  
[https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/vedlegg\\_til\\_sak\\_46\\_-\\_studieportefolje\\_2021.pdf](https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/vedlegg_til_sak_46_-_studieportefolje_2021.pdf)

#### Bakgrunn

Studieseksjonen ved fakultetet sendte 08. juni 2020 ut brev til alle institutt med informasjon om fristar for innmelding av studieplanendringar for studieåret 2021/22. Enkelte institutt har i dette studieåret tatt i bruk EpN (Emneplanlegging på nett) som er ein webapplikasjon der alle involverte i studieplanendingsprosessen kan delta. Løysinga aukar kvaliteten, sikrar versjonskontroll, betre kvalitetssikring og dataflyt mellom dei involverte partar som i dette tilfelle er dei vitskaplege og studieadministrasjon.

#### Studieplanendringar studieåret 2021/22

Fakultetet fekk inn forslag frå alle institutt innan fristen for innmelding av studieplanendringar 15. oktober. Innmeldte forslag til studieplanendringar omhandla endringar i emnenamn, tilrådde forkunnskapar, redaksjonelle endringar i læringsutbyte og endring i undervisningssemester. Det har også blitt gjort endringar i obligatoriske arbeidskrav og vurderingsformer, blant anna som eit viktig ledd i tilpassinga til digital undervisning og eksamen som følgje av Covid-19 situasjonen. Alle endringar vart godkjent på fakultetsnivå.

#### *Endringar som er verdt å merke seg*

- Institutt for informatikk endrar opptakskrav til bachelorprogram i bioinformatikk, datasikkerheit, datateknologi frå REALFA2 til MATRS for opptak hausten 2021. Kjemisk institutt gjer og same endring for bachelorprogrammet i kjemi. Det tyder i praksis at desse programma ikkje lenger vil ha full fordjupning i matematikk frå videregående skule (R2) som krav for opptak.
- Fleire nyoppretta Etter – og vidareutdanningsemne (EVU): [INF620](#), [INF621](#), [STAT621](#), [STAT622](#)
- STAT110 skal frå og med våren 2021 gå både vår og haust som ei prøveordning, emnet er fulldigitalt.

### **Oppretting og nedlegging av studieprogram**

Det har ikkje kome inn søknader om oppretting eller nedlegging av studieprogram ved MN-fakultetet. Det er likevel verdt å nemne at fakultetet vert aktive deltakarar i 2 studieprogram som vert oppretta ved andre fakultet.

#### *Oppretting av nytt sivilingeniørprogram ved SV-fakultetet*

Fakultetsstyret ved Det samfunnsvitenskaplege fakultet vedtok i mai 2020 å opprette eit 5-årig masterprogram i informasjonsteknologi og økonomi (sivilingeniør). Studiet er tverrfagleg og kombinerer nye og eksisterande emne innan økonomi, IKT og realfag. I tillegg til Institutt for økonomi, vil både Institutt for informasjons- og medievitenskap, Institutt for informatikk og Institutt for fysikk og teknologi tilby spesialtilpassa emne i programmet. Se studieplan for programmet her: [https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/64-20\\_integrert\\_masterprogram\\_i\\_informasjonsteknologi\\_og\\_ekonomi.pdf](https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/64-20_integrert_masterprogram_i_informasjonsteknologi_og_ekonomi.pdf)

MN-fakultetets bidrag inn i dette programmet blir gjennom utvikling av eit eige fysikkemne inn mot dette programmet, ettersom det er krav om fysikk for å kunne kvalifisere til sivilingeniør. Vidare bidreg Institutt for Informatikk inn i programmet med fleire valemne og utvikling av eigne emne for dette programmet. Studentane skal òg ta to ordinære emne på Matematisk institutt.

Fakultetet har satt av ressursar til utvikling og undervisning av dei nye emna ved IFT (0,5 vit stilling) og II (1 vitenskapleg stilling). Ressursane vert henta frå konvertering av 10 plasser frå årsstudiet i naturvitenskaplege fag (ÅRMN) til dette studieprogrammet. Dette er ein del av dei 70 nye koronastudieplassane fakultetet fekk tildelt i sommar i revidert budsjett. Ettersom det framleis er uklart om desse plassane vil bli permanente, vil risikofordelinga være 50% på sentralt nivå, 25% på fakultetet og 25% på institutta. Fakultetet beholder basisandelen av studieplassinntektene på MN sjølv om vi allokterer plassane til eit program på SV.

#### *Oppretting av master i berekraft*

Universitetsstyret har bestemt at det skal opprettast ein mastergrad i berekraft. Søknaden om dette programmet har ikkje gått frå nokon av fakulteta, men direkte frå ei arbeidsgruppe nedsett av Utdanningsutvalet. Det har i etterkant vorte bestemt at administrativt ansvar for programmet skal leggest ved HF-fakultetet og Senter for vitenskapsteori. Dette programmet skal vere eit samarbeid mellom HF, SV og MN. Det skal være mogeleg å velje mellom ulike studieretningar, og vårt fakultet er engasjert gjennom Geofysisk institutt som har sagt seg villig til å ta ansvar for spesialiseringa innan energi og klimaomstilling, og Institutt for biovitenskap som har ansvaret for marin forskning. Det står att ein del avklaringar mellom fakulteta omkring utdanningsløpet i dette programmet, mellom anna om organisering av studieretningane, spesialiseringar, valfrie emne og masteroppgåva. Fakultetet sin ressursavsetjing inn mot dette programmet er å omdisponere dei 5 plassane vi fekk i statsbudsjettet for 2020 til «grønt skifte».

Fakultetsstyret tar saka til orientering.

30.11.2020/STB/INC

Helge K. Dahle  
dekan